


PLANINITIATIV

BESTILLING AV OPPSTARTSMØTE DETALJREGULERING FOR Deponi Låvi skytebane

For at kommunen skal ha eit best mogleg grunnlag for vurdering av planinitiativ og gjennomføring av oppstartsmøte ber vi om at dette dokumentet fyllast ut så langt som råd, jf. *forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven*. (rev. 29.01.19).


Dato: 06.12.2024

1. Ansvarlege	
Fagkyndig plankonsulent	
Firma	Asplan Viak AS
Org. nr.	910 209 205
Adresse	Markeveien 1 B
Postnummer	5012
Poststad	Bergen
Telefonnummer	41799417
E-post	bergen@asplanviak.no
Kontaktperson for prosjektet hos fagkyndig	Monica.stoknes@asplanviak.no Morten.Lexau@asplanviak.no
Fagkyndig plankonsulent har møteplikt på oppstartsmøtet	
Forslagsstillar (fyll ut informasjon om dei resterande deltakarane på pkt. 19)	
Firma/privatperson	Statens vegvesen
Org. nr.	971 032 081
Adresse	Pb. 1010 Nordre Ål
Postnummer	2605
Poststad	Lillehammer
Telefonnummer	22 07 30 00
E-post	firmapost@vegvesen.no

Kontaktperson for prosjektet hos forslagsstillar	Stein.dyngen@vegvesen.no Susanne.svardal@vegvesen.no
2. Eigedomsopplysningar	
Gards- og bruksnummer(e)	Gbnr 28/73 og 28/1,3-5,7-9,11-15,17-18 m. fl.
Adresse/stadnamn	Låvi
Eigars namn	Ikkje oppgjeve her grunna GDPR
3. Formålet med planen, jf. § 1, andre ledd, bokstav a)	
<p>I samband med oppgradering av Lærdalstunnelen er det behov for massedeponi for overskotsmassar som vert henta ut av tunnelen ved etablering av havarinisjer etc. Skyttarklubben på Låvi er eit alternativ som skal vurderast. Det er store søkk mellom skyttarklubben sin standplass og der blinkane er, på hhv 100m og 200m. I tillegg er det ynskje om støyvollar rundt bana.</p> <p>Det skal vurderast om gjeldande reguleringsplan frå 2007 kan nyttast for dette eller om det må utarbeidast ny reguleringsplan for tiltaket.</p>	
4. Kommuneplanen og gjeldande retningslinjer, jf. § 1, andre ledd, bokstav g)	
Kva overordna planar gjeld for planområdet, kva føringar gir dei, og i kva grad vil den nye planen følge opp desse føringane?	<p>Gjeldande kommuneplan er <u>Kommuneplan for Aurland 2008 – 2020 (planid 1421-2009001KPL)</u>. Området som tenkt tiltak skal etablerast i, ligg hovudsakleg innanfor føremålet «område unnateke for rettsverknad». Det vil seie at vedteken reguleringsplan skal gjelde.</p> <p>«Annan restriksjon» er område med restriksjonar knytt til støy frå skytebane. Aurland kommune er i gang med utarbeiding av ny KPA.</p>
	
5. Gjeldande og igangsetting reguleringsplan(er), jf. § 1, andre ledd, bokstav g)	

Kva reguleringsplanar gjeld for planområdet, kva føringar gir dei, og i kva grad vil den nye planen følge opp desse føringane?

Areala er ein del av gjeldande detaljreguleringsplan: Låvi skytebane (planid 1421-2007010), vedteken 2007.



Areala i gjeldande plan som vurderast inkludert i planforslaget ligg hovudsakleg innanfor føremålet fareområde «skyttebane» og «friluftsområde».

For bruk av areala er det følgjande føresegn:

«§ 3.1. Innenfor det regulerte fareområdet er det tillatt å oppføre bygninger og innretninger som er nødvendig for området drift og bruk som skytebane. Dette gjelder adkomst-/anleggsveger, standplass, lager, skivearrangement, skivevoller, anvisergraver og sikkerhetsanlegg. Terrenginngrep skal jorddekket og tilsås».

«§ 4.1. Område F1 reguleres til friluftsområde. I tillegg til det som tillates i § 3.1 for området drift og bruk som skytebane, tillates også etablering av stier».

6. Planområdet og verknadar planarbeidet vil føra med seg utanfor planområdet, jf. § 1, andre ledd, bokstav b)

Planområde for tiltaket er ikkje fastsett. Planområdet vil bli noko større enn eksisterande reguleringsplan. Steinmassar som kjem utanfor eksisterande reguleringsplan, vert lagt i LNFR-område. LNFR-området er i dag bestående av skog og berg og ikkje nytta som dyrka mark.


Plassering av tunnelmassar i området inkludert støyvoll vil vere gunstig for eigarar av skytebana, naboar og for Statens vegvesen. Dette med tanke på kort transportveg for frakt av massar, samt at massane vil ha nytte for seg i skytebana i eksisterande søkk og som støyvoll.



7. Planlagt utbygging, anlegg og andre tiltak, jf. § 1, andre ledd, bokstav c)

Gjeldande reguleringsplan vert lagt til grunn, med arealformål friluftsområde. Endring av formålsgrense, oppdatering av føresegner og evt anna planmateriale.


Nedanfor syner skisser for fylling og støyvoll. Det har vore vurdert ny vegtilkomst frå nord, men forslagsstillar ønskjer å bruka eksisterande tilkomst frå sør.

Framlegg til plangrense (raud stipla linje) med gjeldande reguleringsplan (svart stipla linje) (Vedlegg 2). Ny plangrense følj i hovudsak eksisterande reguleringsplan, med unntak av noko utviding i nord og noko utviding av eksisterande tilkomstveg og kryss.





Skisse med gjeldande reguleringsplan i bakgrunn:



8. Utbyggingsvolum og byggehøgde, jf. § 1, andre ledd, bokstav d)

Ikkje aktuelt. Det er ikkje tenkt oppføring av nye bygg innanfor planområdet. Det ligg eit eksisterande bygg innanfor planområdet i tilknytning skyttarklubben.

Deponiet vert forma til å romme om lag 60 000m³, men tilpassing til området vil vere viktig og førande for maksimalt fyllingsvolum.

9. Funksjonelle- og miljømessige kvalitetar, jf. § 1, andre ledd, bokstav e)

SVV har estimert trafikkbelastning i anleggsfasen slik:

Som grunnlag for trafikkvurderingane/støylvurderingar kan de legge til grunn følgjande:

Dei største salvene som skal ut på den sida er ca 300-350 m³, og det går ut maks ei slik salve for dagen.

Sprengingsarbeida vil pågå i 1,5 til 2 år, men det vil ikkje vere salve kvar dag.

Tar ein 60.000 m³ og delar på 44 veker og 6 dagar pr veke og 2 år, blir det 125 m³ pr dag.

Ein kan rekne med at dei køyrer ca 35 tunge bilar dei dagane dei har store salver.

10. Tiltaka sine verknadar på, og tilpassing til landskap og omgjevnader, jf. § 1, andre ledd, bokstav f)

Landskapet i området er relativt kupert, med fleire søkk og knausar. Innanfor område for skytebane, mellom blinkar og klubbhus, er det eit søkk som kan fyllast med massar slik at ein får eit jamnare terreng.

Området ligg på ein rygg og det er lite tilsig/nedbørsfelt til det aktuelle masselagerområdet, jf. *Vurdering av naturmangfald på skytebane ved Låvi i Aurland*.

Deponiet skal tilsåast med stadeigen vegetasjon og tilbakeførast til naturområde.

11. Vesentlege interesser som vert påverka av planinitiativet, jf. § 1, andre ledd, bokstav h)

Ingen vesentlege interesser.

12. Korleis skal samfunnstryggleiken ivaretakast, blant anna gjennom å førebygga risiko og sårbarheit? Jf. § 1, andre ledd, bokstav i)

Det vert utarbeidd ROS-analyse der aktuelle tema vert utgreia nærare. Avbøtande tiltak blir regulert og omtalt i føresegnene. Sikkerheit mot skred i anleggsfase må vurderast.

13. Kva for offentlege organ og andre interesserte som skal varslast om oppstart av planarbeidet, jf. § 1, andre ledd, bokstav j)

- Landbruksmynde i kommunen
 - Statens vegvesen
 - NVE
 - Vestland fylkeskommune
 - Statsforvaltaren i Vestland
- + div råd (kommunen ettersender)

14. Prosessar for samarbeid og medverknad frå aktuelle fagmynder, grunneigarar, festarar, naboar og andre som kan bli påverka av planen, jf. § 1, andre ledd, bokstav k), og § 2, andre ledd bokstav a)

- Melding om oppstart
- Kontakt med enkeltaktørar
- Fagmøte med offentlege organ om naudsynt
- Kommunen engasjerast som planmynde

15. Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing, og korleis krava i tilfelle vil kunne ivaretakast, jf. § 1, andre ledd, bokstav l)**15 a) Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding, jf. KU-forskrifta § 6**

<p>Fell inn under kriteri i § 6, første ledd, bokstav a)? Grunngjeving: Planen er ikkje ein del av kommunplanens arealdel og det er ikkje ein områdeplan.</p>	Ja: <input type="checkbox"/> Nei: <input checked="" type="checkbox"/>
<p>Fell inn under kriteri i § 6, første ledd, bokstav b)? Grunngjeving: Planen legg ikkje til rette for tiltak i vedlegg I.</p>	Ja: <input type="checkbox"/> Nei: <input checked="" type="checkbox"/>
<p>15 b) Planer og tiltak som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknadar på miljø eller samfunn, jf. KU-forskrifta § 8</p>	
<p>Fell inn under kriteri i § 8, første ledd, bokstav a)? Grunngjeving: Det er pr dd berekna eit behov for at området skal kunna ta imot ca 60 000 m³ steinmassar. Planen legg dermed til rette for tiltak i vedlegg II. Jf. pkt. 11 ANDRE PROSJEKTER, bokstav k): <i>Deponier for masse på land og i sjø større enn 50 dekar eller 50 000 m³ masse.</i></p>	Ja: <input checked="" type="checkbox"/> Nei: <input type="checkbox"/>
<p>15 c) Opplysningar som skal leggst fram av forslagsstillar som grunnlag for ansvarleg myndigheit si vurdering etter § 11 eller § 12, jf. KU-forskrifta § 9</p>	
<p>Det er gjort ei vurdering mot bokstav A-D i forskrifta §9.</p> <p>Bokstav A: Planen vil berøra areal som ligg både innanfor og utanfor dagens reguleringsplan for området. Innanfor gjeldande plan vil eit dalsøkk verta utfylt mellom standplass og skivene til skytebanen. Det kan også verta etablert vollar med utfylling og bearbeiding av terreng langs begge sider av skytefeltet. Utanfor gjeldande plan vil eit areal verta utfylt og utforma med avrunding og skråningsutslag for massane. Dette arealet er avsett til LNFR i KPA.</p> <p>Bokstav B: Planområdet ligg nedstrøms mot Aurlandselvi, og det krev tiltak/sikring mot avrenning frå deponi.</p> <p>Bokstav C: Jf. pkt. B. Deponering kan i tillegg til avrenning omfatta støvforureining, og det vil koma utslepp i samband med transport.</p> <p>Bokstav D: Det er ikkje forventa vesentlege verknader som følgje av bruk av naturressursar.</p>	
<p>15 d) Forslagsstillars foreløpige vurdering av om planen eller tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn etter KU-forskrifta § 10</p>	
<p>Det er gjort ei vurdering mot dei enkelte punkta i forskrifta § 10, etter tilgjengeleg informasjon.</p> <p>Eigenskapar, andre ledd bokstav a – d: Desse punkta er mykje tilsvarende som unde § 9 a-d, og det vert her vist til vurderingar under pkt. 15 c) ovanfor.</p> <p>Lokalisering og på verknad på omgjevningane, tredje ledd bokstav a – h:</p> <ol style="list-style-type: none"> Der er ingen registrerte verneområde for naturtypar, artar eller vassdrag og ingen freda kulturminne eller kulturmiljø innanfor planområdet. Aurlandselvi er eit laksevassdrag med anadrom laksefisk. Der er ingen registrerte truga naturtypar, artar eller mineralressursar. Området er i Naturbase omfatta av areal i kategorien <i>Truede arter – kartleggingsmangler</i>, men området er kartlagt i 2024 for naturtypar i samband med KU for Aurland Kraft. Der er også utarbeida eit notat av Svv, <i>Vurdering av naturmangfald på skyebane ved Låvi i Aurland.</i> 	

Landskapet er markant i dette området, men også allereie påverka av tidlegare utfylling. Deponiområdet vil kunna påverka landskapsbiletet og fjernverknad ; noko avhengig av omfang, utforming, vegetasjon etc.

Ingen verdifulle kultuminne eller kulturmiljø er direkte berørt. Dagens veg opp til skytebanen har avkøyrslle like vest for det gamle klyngetunet på Låvi, med verneverdig trehusbebyggelse, bustader og bruk i drift. Tiltaket med deponi er ikkje orientert mot tunet.

Skytebanen er viktig som utøving av ein idrett, og kan difor også vurderast til å vera viktig for friluftsliv i nokon grad.

Arbeidet med deponi vert regulert, ogå i høve til anleggsfasen, slik at gjennomføring av planen ikkje er forventa å vera til vesentleg hinder for bruk av skytebanen og området.

- c. Statlege og regionale planretningslinjer og planbestemmelsar vert ikkje berørt.
- d. Det vert i nokon grad omdisponering av utmarks- og skogsareal til deponiområde. Det gjeld eit relativt avgrensa LNFR-areal i KPA; eit areal som ligg mellom gjeldande reguleringsplan for Låvi skytebane og eit areal avsett som Anna byggeområde i KPA (tidlegare deponiområde).
- e. Det er ingen kjent miljøstandard som vert overkskriden ved auka belastning i området.
- f. Det er ikkje forventa stor helsekonsekvens av tiltaket. Det vert ein auke i trafikken og støy/støv i driftsfasen ved utfylling av deponi.
- g. Det er ikkje forventa vesentleg forureining eller klimagassutslepp, men jf. pkt. a ovanfor om vassdraget/Aurlandselvi. Det vert innarbeida i føresegnene tiltak mot avrenning. Uttak av steinmassar er allereie planlagt. Planen omfattar kun deponering, som kan medføra støvforureining. Ut over dette vil utslepp primært koma frå transport.
- h. Det er ikkje forventa risiko for alvorlege ulukker, som ras, skred eller flaum, sjølv om deler av deponiområdet ligg innanfor potensielt skredfareområde for snø og steinskred. Planområdet ligg på ein høgderagg ut i dalføret.

Oppsummert Med bakgrunn i vurderingane etter KU-forskrifta § 10, er følgjande tema vurdert som aktuelle for KU (jf. Håndbok om konsekvensutredning av klima og miljø M-1941):


- a. **Vannmiljø/forureining** (området ligg nedstrøms mot Aurlandselvi som laksevasdrag)
- b. **Ev Naturmangfold** (AV vurderer behov for tilleggsvurdering/utsjekk av verdikategoriar; KU kan vera aktuelt)
Landskap (direkte påverknad og landskapsendring)
- f. **Støy** (anleggstrafikk; det vert uavhengig av KU gjort støytutgreiing)
- g. **Klimagassutslepp** (transport)


15 e) Skildring av opplegget for arbeidet fram til ei konsekvensutgreiing ligg føre, jf. § 2, andre ledd, bokstav b)

Ikkje relevant.

16. Andre forhold

Tema	Kommentarar
Er området utsett for flaum, ras eller usikre grunnforhold? Ja: X Nei: <input type="checkbox"/>	Området ligg innanfor raud (1/100), oransje (1/1000) og gul (1/5000) skredfasesone, jamfør NVE Atlas. <i>Faresoneutredning skred i bratt terreng – Aurland kommune, 2023, NGI.</i> NVE Ekstern rapport 13/2023: Faresoneutredning skred i bratt terreng – Aurland kommune

	 <p>Det går i tillegg to bekkar/elver på kvar si side av området med aktsemdszone for flaum jamfør, NVE Atlas.</p> <p>Delar av planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for kvikkleire, hovudsakleg eksisterande tilkomstveg.</p>
<p>Vil forslaget få følgjer for viktig natur? Ja: <input type="checkbox"/> Nei: X</p>	<p>Det er utarbeidd notat/vurdering av natur i området: <i>Vurdering av naturmangfald på skytebane ved Låvi i Aurland, 2024, Statens vegvesen.</i></p> <p>Jamfør rapport er det ikkje registrert verdifulle/raudlista naturtypar eller sjeldne/raudlista artar i området (Naturbase og Artskart). I samband med synfaringa vart det registrert ein raudhyll i fyllinga til vegen inn til området. Dette er ein framand skadeleg art med svært høg risiko for spreiding som bør fjernast før han spreier seg vidare.</p> <p>Området vart synfare av naturvitar frå Statens vegvesen 28.06.24. Området har mykje fjell i dagen og elles eit tynt dekke med jord. Jordsmonnet på nordsida av det aktuelle søkket er påverka/forstyrta av bygging knytt til klubbhus og standplass.</p> <p>Øvst i søkket mellom standplass og blinkane er det bjørk og or i tresjiktet, med bregner og stormarimjelle i marksjiktet. Lenger nede er det innslag av hassel med m.a. springfrø og mjøddurt i marksjiktet. Det kan vere noko sig av næring frå sprengsteinmassane på tomta til skyttarlagshuset, og/eller infiltrasjon av avløpsvatn frå skyttarlagshuset, men det er truleg svært avgrensa mengder. På dei meir opne partia er det lågurt-/tørrengvegetasjon, med tepperot, ryllik, gulaks, legeveronika, stormarimjelle, tveskjeggveronika og svever. Elles er det overgangsparti med vendelrot, firkantperikum mm. Mellom 100- og 200-metersblinkane var det eit lite myrparti i attgroing.</p>
<p>Er området utsett for støy eller annan forureining? Ja: <input type="checkbox"/> Nei: X</p>	<p>Det er ikkje registrert grunnforureining i området, jf. Miljødirektoratet sine kartdatabasar for grunnforureining.</p> <p>Området er ikkje utsett for støy frå veg.</p>
<p>Er det forureina grunn i området? Ja: <input type="checkbox"/> Nei: X</p>	<p>Det er ikkje registrert grunnforureining i området, jf. Miljødirektoratet sine kartdatabasar for grunnforureining. Evt. avbøtande tiltak for</p>

	å hindra forureining ved oppfylling vil vera ei del av planarbeidet/ROS.
<p>Vil forslaget få følgjer for kjente kulturminne/kulturmiljø?</p> <p>Ja: <input type="checkbox"/> Nei: X</p>	<p>Der er ingen kjente registreringar av kulturminne innanfor området. Det er registrert fleire sefrak-bygg og kulturmiljø i nærleiken.</p> 
<p>Er det behov for rekkefølge på føresegna for å løyse utfordringar utanfor planområdet?</p> <p>Ja: <input type="checkbox"/> Nei: X</p>	<p>Ikkje i samband med å nytta område som massedeponi. Det vert vurdert sikring av skred i anleggsfase.</p>
<p>Har forslagsstillaren behov for å inngå utbyggingsavtale?</p> <p>Ja: <input type="checkbox"/> Nei: X</p>	
<p>Kva er hovudutfordringane i prosjektet?</p>	<p>Anleggsgjennomføring vil truleg skje dag/kveld og vil kunne påverke dei næraste bustadane. Anleggsgjennomføring vert regulert i føresegnene.</p> <p>Køyring av stein fram til planområdet vil utgreiast gjennom bl.a. ROS-analyse. Å finne ei god utforming av deponiet for omgjevnadane.</p>
<p>Kommenter kort forhold som kan vere viktige for å gjennomføre planen.</p>	<p>Smidig planhandsaming</p>
<p>Overordna framdriftsplan for planen inkludert behov for seinare dialogmøte mellom kommunen og forslagsstillar, jf. § 2, andre ledd, bokstav f) og g)</p>	<p>Det er viktig med ein rask planprosess. Foreløpig framdriftsplan antyder innsending av ferdig planforslag mars/april 2025. Slik framdriftsplan er satt opp kan vi forvente vedtak til hausten 2025</p>

Kva ønsker forslagsstillar at kommunen skal bidra med undervegs i planarbeidet? <i>Jf. § 2, andre ledd, bokstav e)</i>	Raske avklaringar
Ønsker forslagsstillar parallell prosess plan og byggesak, jf. plan- og bygningsloven § 12-15? <i>Jf. § 2 andre ledd, bokstav d)</i>	Nei

18. Spørsmål som forslagsstillaren ønsker avklart

- Bruken av skytebana (åpningstider) og tidspunkt for anleggsarbeid. Skal skytebana stengast i anleggsfasen?
- Avklaring av foreløpig skissert plangrense (sjå kart i punkt 7).
- Treng ein å regulere inn møteplassar ved eksisterande tilkomstveg? Det er ein relativt kort strekning med god sikt. Bør ein i så fall ha informasjonsmøte med grunneigarane langs tilkomstvegen?

19. Dei resterande deltakarane på oppstartsmøtet

Opplysningar om deltakar 3

Firma	
Namn	
E-post	
Telefon	

Opplysningar om deltakar 4

Firma	
Namn	
E-post	
Telefon	

Opplysningar om deltakar 5

Firma	
Namn	

E-post	
Telefon	
20. Vedlegg	
Forslag til planavgrensing (pdf og sosi-fil): Vedlegg 1 og 2	
Illustrasjoner: Vedlegg 3	
Skisse av plangrepet	
Prinsippsnitt	

AURLAND KOMMUNE

